

Redusert opningstid og tilbud til barn av foreldre i samfunnskritiske funksjonar og barn med særlege behov.

Om Ullensvang kommune driftar skule, SFO og barnehage på raudt nivå, vil det føra til redusert opningstid for mange. Kunnskapsdepartementet har presisert kva som gjeld ved redusert opningstid i skule, SFO og barnehage og tilboda deira om opphaldstid til **barn under 12 år av foreldre i samfunnskritiske funksjonar og barn med særlege behov.**

Reglane må samla bli forstått slik at barn med særlege behov og barn som har minst éin føreset i samfunnskritisk funksjon mv. skal ha tilbud i barnehage, SFO eller skule sjølv om dei av smittehensyn driv redusert. Viss den reduserte opningstida gjer at formålet med unntaket i covid-19-forskrifta ikkje blir oppnådd, skal barnehage, SFO og skule tilby barnet opphald utover den opningstida dei har lagt opp til. Kor omfattande tilbudet utover den reduserte opningstida skal vera, må vurderast i kvart enkelt tilfelle, og ta utgangspunkt i behovet som skal varetakast. Det tilbudet barn normalt har i barnehagen, på skulen og i SFO vil utgjera ei ytre ramme for kor omfattande tilbudet kan vera. Barn av foreldre i kritiske samfunnsfunksjonar mv. skal normalt ha eit fulltidstilbod i skule.

Foreldre som arbeider med samfunnskritiske funksjonar må dokumentera at dei har behov for omsorgstilbod til barnet sitt. Dokumentasjonen må vera ei skriftleg stadfesting frå arbeidsgjevar.

Verksemder som har personell i kritiske samfunnsfunksjonar, må dokumentera at deira tilsette er å rekna som kritisk for evna til å sikra ivaretaking av kritiske samfunnsfunksjonar.

- arbeidet som skal utførast må vera direkte knytt til evna til å vareta kontinuiteten i den kritiske samfunnsfunksjonen
- arbeidet kan ikkje utsetjast utan at det vil medføre ei uakseptabel svekking i evna til å halda oppe kontinuiteten i funksjonen.

Den enkelte blir oppfordra til å halda seg oppdatert på heimesida til kommune.

[Liste over kritiske samfunnsfunksjoner](#)

Lenkjer

[Utdanningsdirektoratets nettside - smittevernveileder](#)

[informasjon på fleire språk til foreldre og føresette](#)



**Ullensvang
kommune**

Oppvekst og utdanning

Stadfesting frå arbeidsgjevar i samband med Korona-pandemien

Informasjon til arbeidsgjevar

Verksemder som har personell i kritiske samfunnsfunksjonar, må dokumentera at deira tilsette er å rekna som kritisk for evna til å sikra ivaretaking av kritiske samfunnsfunksjonar.

Vi ber deg bekrefte at den tilsette er ein nøkkelperson som har samfunnskritisk funksjon etter [liste](#):

Namn på tilsett:
Bedrift/Verksemd:
Er den tilsette å rekna som kritisk for evna til å sikra ivaretaking av kritiske samfunnsfunksjonar i verksemda?
Kontaktperson i verksemd:
Arbeidsgjevar:

Føresette leverer denne stadfestinga til skule eller barnehage. Det blir oppfordra til at all kommunikasjon går føre seg digitalt eller pr. telefon for å avgrensa smittespreiing i befolkninga.